

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2015	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	30.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	15/770	15/9724

### Dispensasjonssak gbnr 79/21 Tjore Nedre - tomannsbustad - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan - 2. gongs handsaming

#### Saksopplysingar:

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte 10.06.15. Utvalet trefte vedtak om å utsetje saka.

Det har ikkje komen fram nye opplysningar i saka. Saksframlegg frå sak 049/2015 følgjer som vedlegg og saka vert lagt fram for handsaming.

#### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 061/2015

##### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet utsette saka i junimøtet for å finna løysingar som ivaretek viktige trafikksikringsomsyn.

*Christel Villanger Håland (H) la fram følgjande framlegg til vedtak:*

Det vert gitt dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i reguleringsplan og illustrasjonsplan med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at det vert søkt om rammeløyve for tomannsbustad i samsvar med krav i Tek10.
3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Der vert føresett at siktline mot fv 565 vert utbetra mot nord og at utkjørselen vert opparbeid i samsvar med veglova.
4. Det må etablerast gangsti frå bnr 19 mot nord fram til gangbru over fv 565 før det vert gitt ferdigattest. Gangstien er mellombels og kravet fell bort når veg og bustader i reguleringsplanen for området vert utbygd.
5. Tiltaket skal knytast til kommunal vassleidning når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.
6. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.

Villanger Håland meiner nytt framlegg til vedtak vil gjera betre trafikktryggleik, både med betre siktforhold, ny gang- og sykkelsti og utbetring av det sterkt trafikerte krysset frå fylkesveg til skule og bustadområde i Austmarka.

Medlemene i hovudutvalet gav Villanger Håland ros for godt gjennomarbeidd framlegg.

*Edgar Grindheim (A) kom med følgende tilleggsframlegg:*

Eksisterende byggjestil må leggest til grunn for bustadbygging i det aktuelle området.

Hovudutvalet vedtok samrøystes Villanger Håland sitt framlegg sett fram i møtet, med tillegg frå Edgar Grindheim.

**PLT - vedtak:**

Det vert gitt dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen på følgende vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i reguleringsplan og illustrasjonsplan med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at det vert søkt om rammeløyve for tomannsbustad i samsvar med krav i Tek10.
3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Der vert føresett at siktline mot fv 565 vert utbetra mot nord og at utkjørselen vert opparbeid i samsvar med veglova.
4. Det må etablerast gangsti frå bnr 19 mot nord fram til gangbru over fv 565 før det vert gitt ferdigattest. Gangstien er mellombels og kravet fell bort når veg og bustader i reguleringsplanen for området vert utbygd.
5. Tiltaket skal knytast til kommunal vassleidning når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.
6. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.
7. Eksisterande byggjestil må leggest til grunn for bustadbygging i det aktuelle området.

**Vedlegg:**

Dispensasjonssak gbnr 79/21 Tjore Nedre - tomannsbustad - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - søknad om dispensasjon

Uttale disp 79-21 Radøy

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - vedr uttale til dispensasjon

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - søknad om dispensasjon

Illustrasjonsplan

SøkDisp79-21